

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
Temaet denne timen er å vere lojal, kva betyr det? Start med å sjå https://tv.nrk.no/serie/baseboys/sesong/3/episode/14	
	Kva betyr det å vere lojal til familien sin? Snakk først saman litt, og del så ut arket Lojal til familien. Elevane kan jobbe i små grupper (2-4) og skal sette ring rundt dei påstandane som er gode eksempel på å vere lojal til familien. Det har gøymt seg nokon som ikkje fortener ring rundt seg.
	Vi menneske er det vi kallar "flokkdyr". Det betyr at vi er avhengig av å høyre til i ulike flokkar for å ha det trygt og bra. For at vi skal få høyre til i flokkane våre er vi født med ein del eigenskapar som gjer at vi binder oss til kvarandre og blir ein flokk som tek vare på kvarandre i kvardagen. Eigenskapen lojal har vi for å høyre til i ein flokk. Vi har mange ulike flokkar, som venneflokk, klasseflokk, eller fritidsaktivitetsflokk. Den viktigaste flokken vi høyrer til i er familien. Familieflokken sørger for viktige ting vi treng i kvardagen som ein stad å bu, mat og klede og sånn. I familieflokken passar ein også på kvarandre og er glad i kvarandre. Det å vere lojal handlar mykje om nettopp dette; å ville ta vare på og beskytte dei i flokken sin. Det er fint å vere lojal overfor familien sin, og overfor venner. Men nokon gongar kan barn la vere å fortelje om vonde ting som skjer fordi dei er lojale mot dei. Det er ikkje berre bra. Dersom ein opplever at det skjer vonde ting har barn alltid lov å fortelje det, for då kan man få hjelp. Sjå filmen Familie og følelser - YouTube eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk.
	Kvifor kan det bli det vanskeleg for barn å vere lojal i slike situasjonar? (Barna har det ikkje berre bra heime, og fordi dei trur dei må vere lojale med foreldra så fortel dei ikkje andre om korleis dei har det heime. Då får dei heller ikkje hjelp til å få det betre).
	Her vel barnet å fortelje om det som er vanskeleg heime. Kven er barnet lojal mot då? (Seg sjølv og søstera? Andre familiemedlemmer det går ut over, og også foreldra fordi dei kan få hjelp til å få det betre).
4 hjørne – om lojalitet Vi skal gjere ei lita øving der elevane får moglegheit til å ta val i etiske dilemma knytt til det å vere lojal. Lag plass i klasserommet til at elevane kan gå til ulike hjørne av klasserommet etter kva alternativ dei er mest einig i. Opne pdf-en i ønska målform. Les eksempla til elevane og gi dei tid til å gå til hjørnet dei er mest einig i. Sei at det er 4 hjørne fordi det ikkje er eitt svar som alltid er riktig. Noko av det vi ønskjer å lære elevane denne timen er at det er fint å vere lojal til familien sin, men det skal ikkje føre til at barna får problem eller blir utsett for noko som ikkje er bra for dei. Da er det alltid lov å fortelje det som skjer til nokon som kan hjelpe.	


Vi går vidare til eit tema som er kjent for mange 6. klassingar, eller blir kjent ganske snart: Å bli flau av foreldra sine.

Sjå gjerne episoden om Joffe som blir flau når mamma får jobb som vaktmester på skulen der han går.

<https://tv.nrk.no/serie/klassen/sesong/1/episode/39> Eller om de ikkje har tid til det så berre spør elevane om dei har opplevd å bli flau av foreldra sine siste året, og la dei eventuelt få snakke litt med kvarandre og dele korte eksempel på å bli flau av foreldre. De bør ikkje fortelje eksempla i plenum, berre gå vidare til oppgåva under:



Del ut arket: *Oppskrift på mindre flaue foreldre* til kvar gruppe (4-5 stk på gruppa?). Poenget er at elevane skal finne ut om dei er einige i oppskrifta og helst forbetre den. Be dei fylle inn fleire ting dei vil foreldre skal huske. Til slutt kan de samanlikne og sjå om de klarer å lage ei felles oppskrift. Tips elevane om at dei kan fortelje om denne oppgåva heime.



Gjer ei lita frosketidøving [Puste i dyrestillinger - YouTube](#)

Det er bra å vere lojal mot familien, men det er alltid lov å fortelje dersom noko ikkje er trygt eller bra.

Avslutt timen med å vise dette bildet og minn elevane på dette budskapet. For det er bra å vere lojal til familien sin, men alltid lov å fortelje dersom noko ikkje er trygt eller bra der. For då kan familien og barna få hjelp.

Eventuelt:

Om de vil jobbe vidare med desse litt vanskelege temaene som mange dessverre slit med kan de også bruke filmene og oppgåvene under.

Mange rekk ikkje gjere alt som ligg i temaet tankar i desember på grunn av juleførebuingar, så bruk eventuelt resterande tid til å hente fram igjen dette også.



Sjå denne musikkvideoen om ei jente som har ein pappa som drikk for mykje alkohol: ["Hæi" - Ravi ft. Mia Francke | Rus - NRK Super - YouTube](#)

- Korleis kan jenta her både få hjelp sjølv, og hjelp til pappaen sin?

Ved å fortelje dette til vaksne ho stoler på slik at andre vaksne kan hjelpe dei. Om ho er «lojal» og ikkje fortel det til nokon, så får dei ikkje hjelp.



Jobb vidare med skilsmisse. Sjå filmen frå Verdiverkstedet: [Skilsmisse er vanskelig. Hvordan takle det best mulig? - YouTube](#)

- Bruk materialet på [NRK Super - Tema - Skilsmisse](#).
- Snakk saman i grupper. Kva kan barn og unge oppleve som vondt og vanskeleg når foreldra går frå kvarandre? Finnast det noko som kan vere bra med at foreldra går frå kvarandre? Fortel også elevane om der er skilsmissegrupper tilgjengeleg for dei på skulen.